



## Detaljar om smitteverntiltak for skjenkestader/serveringsstader

Det er løyvehavar sitt ansvar for at smittevernreglar og råd blir fulgt. Hugs at påverknad av alkohol gjer ein mindre kritisk, og avstandsreglar og andre smittevernråd vert lettare brote.

Hovudreglane er:

- **Alle som er sjuke, må halde seg heime.** Løyvehavar må sikra at dette vert formidla til gjestane. Korleis: T.d. Heng opp plakat som ber gjestar med symptom å ikkje komme inn i lokalet, og reise heim eller informere på serveringsplassen sin heimeside/sosiale media.
- **Det skal vera minst 1 meter avstand til andre** som ikkje er i same husstand. Løyvehavar pliktar å finne tiltak som sikrar at kravet til avstand er mogleg å halde. Dette kan vera faste plassar, markering på bord og gulv, plakat med oppmoding om å halde avstand. Om det vert vanskeleg å få gjestane til å overhalde avstandsregelen, må ein vurdera å stenga plassen for kvelden.
- **Det skal vera sitteplassar til alle gjestane.** Vidare skal det vera **bordservering**. Med det meinast at ein tilsett skal ta bestilling ved bordet, og servera ut mat og drikke til gjesten. Gjestane skal ikkje reise seg og bestille eller hente mat og drikke i bar eller disk. Dette gjeld både inne og uteservering. Betaling kan skje ved kasse om det ikkje finst handhaldt terminal. Då må serveringsplassen syta for god avstand mellom dei betalande!
- **Ha god kapasitet på handhygiene.** Det skal vera lett å finna handsprit eller moglegheit for å vaske hendene med såpe. Heng opp plakatar med oppmoding om å nytta handsprit/ såpe, og korleis ein må vaske hendane for å ikkje spreie smitte. Det er særst viktig med lett tilgjengelig sprit/vask ved inngang og toalett.
- **Ha nok tilsette til å sikra at smittevernreglane vert haldne.** Til dømes vakt i døra som sikrar at gjestane spritar seg, og at det ikkje vert for mange i lokalet. Kø må også organiserast slik at det ikkje vert for tett (minimum 1 meter).

Det vert anbefalt at serveringsplassane utarbeidar **risikovurdering med liste over tiltak**. Malar for dette finst under «planlegging og risikovurdering» her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/anbefalinger-ved--store-arrangementer-knyttet-til-koronasmitte-i-norge/>

Med helsing

*Rita Høvset, kommuneoverlege*

*Heidi Herstad Prestegård, konsulent*